

## Handlingsplan 2025

Mål: Skape eit aktivt og synleg lokallag og bruke lokallaget sine midlar til medlemmane sitt beste

Arbeidsområde	Tiltak/mål	Ansvar/oppfølging
Arbeidsplassane	<ul style="list-style-type: none"> <li>Det skal vere god informasjonsflyt mellom LL/HTV og ATV. <ul style="list-style-type: none"> <li>LL/HTV deler aktuell informasjon med ATV</li> <li>Klubbane får aktuell informasjon frå LL/HTV via ATV</li> <li>ATV involverer HTV/LL så tidleg som råd i saker som oppstår i einingane. I personalsaker skal alltid HTV involverast.</li> </ul> </li> </ul>	LL/HTV/ATV
	<ul style="list-style-type: none"> <li>LL/ HTV skal tilby seg å besøke arbeidsplassar, og/ eller delta på klubbmøte</li> </ul>	LL /HTV
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Følge opp arbeidsplassar utan tillitsvald, og arbeide for at alle arbeidsplassar har tillitsvald</li> </ul>	LL
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Bidra til at medlemmane kjenner til medlemsfordelane.</li> </ul>	LL
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Fokus på verving ved nyttilsetjingar</li> </ul>	LL/ ATV
Treffpunkt	<ul style="list-style-type: none"> <li>Arrangere årsmøte for alle medlemmar</li> <li>Arrangere julemøte for alle medlemmar</li> <li>Eige medlemsmøte med pensjonistane</li> <li>Lunsjmøte for leiarmedlemmane</li> <li>Medlemsmøte barnehage</li> </ul>	LL/ styre LL/styre LL/HTV LL/HTV LL/HTV

**MÅL:** Arbeide for at alle medlemmar skal ha gode løns- og pensjonsvilkår, trygge og gode tilsetjingsforhold eit godt arbeidsmiljø

Arbeidsområde	Tiltak/mål	Ansvar/oppfølging
Lov og avtaleverk	<ul style="list-style-type: none"> <li>Fylgje opp arbeidsavtalane og endringar i desse, for både PPT, barnehage, skule, miljøtenesta og barnevern</li> <li>Arbeide for at Fjaler kommune legg til rette for at det er mogleg å gjennomføre plantid i arbeidstida med nok bemanning på avdelingane</li> <li>Arbeide for å påverke arbeidsgjevar sin personalpolitikk til medlemmane sitt beste</li> <li>LL følgje opp grupper som fell utafor det kommunale avtaleverket (private skular/ bhg/ andre)</li> <li>Arbeide for gode vilkår i lønspolitisk plan</li> <li>Arbeide for at kommunen lagar system som gjer det lettare å skaffe kvalifisert undervisningspersonell ved fråvær</li> <li>Arbeide for å få gode rutinar for medbestemming på alle nivå</li> <li>Arbeide for at tilsette i oppvekstsektoren ikkje blir pålagde nye arbeidsoppgåver utan at noko anna blir teke vekk</li> </ul>	<p>HTV</p> <p>HTV / Lokallagsstyret</p> <p>LL/HTV/lokallagsstyret</p> <p>LL</p> <p>HTV/lokallagsstyret/ ATV</p> <p>HTV/lokallagsstyret</p> <p>HTV/ lokallagsstyret</p> <p>HTV/lokallagsstyret</p>
Lokale forhandlingar	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vere i forkant av lokale forhandlingar og få til ein debatt om kva vi bør prioritere i forhandlingane, (også for andre medlemsgrupper enn skule og barnehage tilsette)</li> <li>Gjennomføre lokale forhandlingar</li> </ul>	<p>HTV/ forhandlingsdelegasjonen</p> <p>HTV/ forhandlingsdelegasjonen</p>
Omorganiseringar	<ul style="list-style-type: none"> <li>Støtte medlemsgrupper eller einskildmedlem, og følgje prosessen tett ved eventuelle omorganiseringar</li> </ul>	HTV/ ATV/ LL
Livsfasepolitikk	<ul style="list-style-type: none"> <li>Arbeide for å få på plass ei mentorordning med like rettar på alle arbeidsplassar</li> <li>Vere synlege i overgangen til pensjonistmedlemskap. Sende ut informasjon om arbeidet for pensjonistmedlemmane i lokallaget.</li> </ul>	<p>HTV/ATV/ lokallagsstyret</p> <p>LL/ pensjonistrepresentant</p>

Mål: Vere aktivt med på å forme det lokale innhaldet i barnehage og skule, med fokus på kvalitet

Arbeidsområde	Tiltak/mål	Ansvar/oppfølging
Barnehage og grunnskule	<ul style="list-style-type: none"> <li>Følgje opp rammeplan for barnehagen</li> <li>Påverke ressurstildeling i barnehage og skule</li> <li>Sikre at medlemmane får ta del i etter- og vidareutdanningsmidlane som er tildelt kommunen/ fylkeskommunen</li> <li>Arbeide for at det blir sett av nok ressursar til læremiddel i skular og barnehagar</li> <li>Tillitsvalde skal vere involverte ved særskilde høve som krev ekstra tiltak</li> </ul>	HTV HTV  HTV  HTV/LL/ lokallagsstyret  HTV/ATV
Leiing	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gjennomføre medlemsgruppemøte for leiarane i kommunen 1-2 gonger i året</li> <li>Arbeide for gode rammetilhøve for leiarane for å behalde og rekruttere gode leiarar</li> </ul>	LL/HTV  LL/HTV
Vidaregåande	<ul style="list-style-type: none"> <li>Arbeide for å oppretthalde ei god breidde i skuletilbodet i den vidaregåande skulen i Fjaler</li> <li>Støtte arbeidet med å få på plass ein godkjend tariffavtale på UWC</li> </ul>	LL/ lokallagsstyret  LL/ lokallagsstyret
Politisk påverknad	<ul style="list-style-type: none"> <li>Arbeide aktivt opp mot politikarane i saker som vedkjem oppvekstsektoren</li> </ul>	LL/ lokallagsstyret

Forkortingar i dokumentet: LL: Lokallagsleiar, HTV: Hovudtillitsvald, ATV: Arbeidsplassstillitsvald